

Av ungdom –
for ungdom

UNGDOMSSTRATEGI



Austevoll kommune
2020

INNHALD

1. Bakgrunn

3

2. Korleis har vi jobba?

4

3. Ungdom i Austevoll: statistikk, trendar og utfordringar

5

4. Innsatsområde

9

5. Forslag til tiltak

14


Ungdomsstrategien er laga i samarbeid med ungdomsrådet og ungdommar i kommunen. Etter ein omfattande medverkningsprosess gjennom 2020 er vi no heilt sikre på at me har komme fram til 5 innsatsområde som kommunen bør rette sine tenester mot.

BAKGRUNN

Ungdomsrådet fatta vedtak om å få satt i gang eit arbeid med å få etablert eit ungdomshus. Ungdomsrådet handsama ovannemnde sak i møte den 28.01.2020, sak 006/20. I samband med dette bad dei leiar for tenesteutvalet Inga Margrethe Fagerbakke og administrasjon ved Stina Nordbak å orientere om kva kommunen kunne bidra med. Inga Margrethe tok initiativ og skipa møte med politikarar og administrasjon. Det kom tidleg fram at omstenda kring ungdomsrådet sitt vedtak handla om meir enn å etablere eit stad å vere. I møtet såg politikarene og administrasjon at det var behov for å rette fokuset på å lage ein ungdomsplan eller ein ungdomsstrategi som skulle vere laga av ungdom for ungdom. Administrasjon og leiar for tenesteutvalet orienterte ungdomsrådet at dei ville starte arbeide med å etablere både ein stad å vere og ein ungdomsstrategi.

Ungdomsrådet har vore orientert om desse to sakene ville gå parallelt. I juni blei det kalla inn til idédugnad for å starte arbeidet med ein ungdomsstrategi. Etter gjennomføringa er det laga ein rapport «ein stad å være». Parallelt med dette blei det sett ned ei arbeidsgruppe som såg på kor kunne det bli etablert ein ungdomsstad i form av ein ungdomsklubb i kommunen. Dei landa på at lokalet i første etasje i det gamle kommunehuset var best eigna. Det blei fremma følgande vedtak i kommunestyret 03.09.2020, sak 125/20.

KORLEIS HAR VI JOBBA?



Administrasjonen engasjerte studentpraktikant gjennom universitetet i Bergen (samanliknande politikk) til å ha ansvar for koordinering og medverknadsprosessen.

Bestillinga var at planen skulle inkludere flest mulig ungdom til å si si meining. Det blei gjennomført fire idédugnadar med ungdom frå ungdomsrådet, Austevoll VGS og Austevoll ungdomsskule. Det blei oppretta ein tverrfaglig arbeidsgruppe i administrasjonen, i lag med ungdomsrådet.

Ressursgruppa har blitt involvert i høve til deira fagekspertise.

For å finne innsatsområda brukte vi eit gul-lapp-system som verktøy. Ungdommane blei stilt 11 spørsmål om korleis det er å vere ungdom i Austevoll. Kvar av ungdommane noterte si meining på gule lappar. Desse blei kategorisert i slutten av møtet. Kvar kategori blei diskutert/drøfta i fellesskap. Dette danner grunnlaget for innsatsområdana i ungdomsstrategien. Administrasjon har ikkje lagt føringar i arbeidet. Innsatsområda er berre basert på idédugnad.

Folkehelseoversikten og ungdataundersøkinga viser utfordringar for ungdom i kommunen. Det er omtala i neste kapittel.

UNGDOM I AUSTEVOLL: STATISTIKK, TRENDAR OG UTFORDRINGAR

Statistikk og data er nødvendig for å få kunnskap om å forstå ungdom slik at vi kan sjå kor det er nødvendig å rette innsatsen. Under ligger eit utdrag av dei viktigaste tallane frå folkehelseoversikta.

ALDER

I 2019 var 1 av 3 i Austevoll under 25 år, det er 33,8 % av innbyggjarane. Dette forventast å holde seg relativt stabilt fram mot 2039 (Folkehelseoversikt 2020-2024 – statistikk og utviklingstrekk, side 11).

INNVANDRING

«I Austevoll har me ei stor gruppe arbeidsinnvandrarar som hovudsakeleg kjem frå Aust-Europa, og innvandringa har auka dei siste åra. Arbeidsinnvandring vil vera ein av forutsetningane for at Austevoll skal sikra høg befolkningsvekst. Kommunen har lite informasjon om denne befolkningsgruppe då dei ikkje må innoom nokon form for integreringsprogram som eksempelvis flyktingane må». I denne gruppa er det barn og ungdom, både invandra og født i kommunen. Nokre av dei er ungdom som går på skulane. Det er behov for betre ivaretaking av denne gruppa og at dei blir ein synleg del av tiltak i ungdomsstrategien sin handlingsdel. Vi kjenner ikkje til kva fritidsaktivitetar dei føretrekker eller om eksisterande tilbod blir nytta av dei.

UNGDOM MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

I folkehelseoversikten kjem det ikkje fram noko særskilt om korleis barn og ungdom med nedsett funksjonsevne opplever korleis det er å bu i Austevoll. Deira interesser som ungdom er kanskje ikkje godt nok tatt vare på. Det er behov for betre ivaretaking av denne gruppa og at dei blir ein synleg del av tiltak i ungdomsstrategien sin handlingsdel. Vi kjenner ikkje til kva fritidsaktivitetar dei føretrekker eller om eksisterande tilbod blir nytta av dei.

LOKALMILJØ

Ungdataundersøkinga i folkehelseoversikta viser at nøgda med lokalmiljøet har gått ned. 36% av ungdommane i kommunen deltek ikkje i nokon fritidsorganisasjonar. Det er mogleg at fritidsaktivitetane ikkje er målretta nok mot ungdommen i Austevoll, og det har heller ikkje blitt gjennomført nokon form for undersøking på kva dei ynskjer å gjere på fritida.

Det har vore nesten ei dobling i ungdommar som føler seg plaga av einsemd, 29% av ungdommen og Austevoll ligg høgare enn landsgjennomsnittet og snittet for fylke på dette punktet.

Det å ha ein fortruleg venn er viktig for ungdom, men undersøkinga i Austevoll viser at færre har ein fortruleg venn enn tidlegare.

Det er 54 % som oppgjer at dei er nøgda med møteplassane i kommunen. Under idédugnadene kom det fram at ungdommane møter andre uorganisert som ved Sentrumsbygg og Bekkjarvik torg. I organiserte settingar møter dei andre på fotballtrening og liknande aktivitetar.

Skulen er den viktigaste møteplassen for ungdommane då det er der alle møtast. Det er viktig for kommunen og legge til rette for gode fritidstilbod og møteplassar på fritida for å sikra at ungdommane vil fortsette å bu i kommunen. Per 2020 er det 44% av ungdommar i aldersgruppa 13 til 19 år som deltek i idrettslaga (AIK, HIL og SIL), det vil seie at 56% driv med andre aktivitetar eller deltek ikkje i organiserte aktivitetar.

Folkehelseoversikta har denne merknaden: «Det er viktig å merka seg at ungdatabundersøkinga berre har blitt gjennomført i Austevoll i 2016 og 2019, og tala frå 2019 inkluderer berre elevar på ungdomsskulen. Ein må difor vera varsam med å overtolka tala då dei små forholda kan gje store utslag, og at ein i mindre grad kan seie noko om utviklingstrekk».


VIDAREGÅANDE SKULE

Det er flest gutar som går på Austevoll VGS og ein stor del av dei er tilflytta skuleelevar. Dei bur i vekene på privathybel.

«Austevoll kan visa til lågare fråfall i vidaregåande skule enn landsgjennomsnittet kor Austevoll hadde eit fråfall i perioden 2015-2017 på 12 %, mens landsgjennomsnittet låg på 21 % i same perioden. Spesifikke orsakar til kvifor elevar ved Austevoll vidaregåande skule ikkje fullførar kan ikkje gjengjevast då det kan gå på kostnad av personvern. Samstundes er tal for Hordaland presenterer då mange av ungdommane i Austevoll reiser ut av kommunen for å ta høgare utdanning».

«Unges fråfall frå vidaregåande opplæring utgjør ein stor folkehelseutfordring, fordi tilknytning til skule og arbeidsliv er sentralt for unge si helse og livskvalitet. Blant elevar er det nokre grupper som generelt sett har høgare risiko for ikkje å gjennomføra vidaregåande opplæring. Dette er elevar med svake grunnskulekarakterar, elevar med lavt utdanna foreldre, gutar, minoritetsspråklege elevar med manglande norskkunnskap og yrkesfagelevar med dårlege grunnferdigheiter. Det er sosiale ulikheitar mellom dei som gjennomføra og dei som ikkje gjennomføra vidaregåande opplæring. Nesten 30 prosent skil i sjansen for å gjennomføra vidaregåande utdanning mellom barn av foreldre med lengst utdanning og barn foreldre med kort utdanning (Vestland folkehelseoversikt, 2019-2023)».

I drøftinga etter idédugnaden ved VGS kom det fram at nokre av elevane ved skulen ikkje har venner og deltar ikkje i sosiale settingar. Dette bør vi ha ekstra merksemd på i vårt arbeid.



Ein offentlig plass
for ungdom

Buss Buss Buss
Buss Buss
Buss!
Buss

Ja
Ungdomsklubb

Nei
ungdomsklubb
eller fleire
aktivitetsbud.

- Ja
- Ha tilbud som
Ikke er sport

Ja
Legg merke til
dei som er
aleine

Nokon av innspela
frå ungdommane.

INNSATSOMRÅDE

1

Etter idédugnaden kjem tydeleg fram at det er 5 område ungdom er oppteken av. Dei ligg i prioritert rekkjefølgje. Psykisk helse ligg inkludert i alle innsatsområda.

«Ungdom si stemma og ein som jobbar for oss»

Ungdommane er tydelege på at dette er viktig for dei. Dei er samd om at ein person som jobbar for ungdom i ungdomsmiljøa. Denne personen skal vere tilstade for ungdom, høyre på og sjå ungdommen. Ungdommane framhevar at ungdomsarbeidaren skal være bindeleddet mellom ungdom og kommunen.

I idédugnaden kom det fram at psykiske utfordringar og einsemd er ei utfordring bland ungdom. Ungdommane meiner at ein ungdomsarbeidar er det viktigaste innsatsområdet for å løyse nokre av dei skisserte utfordringane kommunen har. Ungdommane har dette som fyrsteprioritet.



2

«Fram og tilbake»

Transport og kollektivtilbod som gjer det enklare for ungdom komme seg til og frå fritidstilbod utan hjelp av foreldra. Mange ungdom klagar på dårleg kollektivtilbod og få avgangar. Dei som deltok på idédugnaden seier at de blir køyrt av foreldre når dei skal møte venner og delta på fritidsaktivitetar.

Kva med dei som ikkje kan bli køyrt? Korleis skal ungdom nytte seg av fritidstilbod om dei ikkje kan komme seg til/frå fritidstilbodet på eige hand?





3

«Ein stad å henge»

Ein møteplass for uformelt sosialt samvær for ungdom på fritida.

Ungdommane har fremma denne saka ein rekke gonger. Dei ønskjer ein stad å vere i lag, som kommunen driv. Det er frivillige organisasjonar som har tilbod i dag. Likevel seier ungdommen at dei ønskjer ein kommunal ungdomsklubb, som har aktivitet som er tilpassa ungdom. Dei ønskjer seg ein ungdomsklubb som ein inkluderande møteplass for ungdom som ikkje nyttar eksisterande fritidstilbod. Det er viktig at ungdomsklubben er kommunal for å sikre kontinuerleg drift.



4

«Varierte fritidstilbod»

Det kom tydelig fram i idédugnaden at ikkje alle vil spela fotball. Fotball er den største fritidsaktiviteten i kommunen. Det er få møteplassar å være og ingenting å gjere dersom du ikkje deltak på organisert aktivitet. Å delta på organisert aktivitet kostar pengar og kan være ekskluderande for nokon.

Under idedugnaden på Austevoll ungdomsskule var dette fremma som eit problem. Ungdommane ønsker gratis fritidstilbod. Desse problema vil bli vurdert i ny plan for fritidsaktivitet og lagt inn som tiltak i ungdomsstrategien sin handlingsdel.





5

«Livsglede til ungdommen»

Ungdommen etterlyser økt fokus på psykisk helse, einsemd og at det blir arbeida med inkludering. Under idédugnaden kom det fram at det er vanskeleg å inkludere dei som slit og føler einsemd.

Ungdommen sjølve er usikker på korleis inkludere desse ungdomane. I samtaler med einingane i kommunen som jobbar med problematikken kom det fram at det er behov for meir samhandling. Handlingsdelen til ungdomsstrategien vil rette tiltak mot denne utfordringa.



FORSLAG TIL TILTAK

Tilsette ein ungdomsarbeidar

Samarbeid med Røde Kors og skulane

Møte med skyss og taxicøringa

Få ungdomsklubben på Storebø på plass

- Innreiing
- Promotering i sosiale media

Spørjeundersøking om kollektivtransport

- Fleksibel kollektivtransport
- Hent meg

Opprette kontakt gjennom sosiale media

Arbeid for inkludering av ungdom med nedsett funksjonsevne og barn av arbeidsinnvandrarar

Tverrfagleg samhandling mot psykisk helse og einsemd

Tverrfagleg samhandling for inkludering og å motverka ulikskap

Samarbeid med politi retta mot kriminalitet og rus

Tverrfagleg samhandling med ungdommar for å auke variasjon i fritidstilbod

Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar for å etablere fritidstilbod

